



Utsikt frå stoveglaset til ein av oppsittarane som har protestert mot base-stasjonen. Den er tenkt sett opp på bergknatten midt i bildet.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)

### **Protesten frå oppsittarar på Korsnes mot ein ny basestasjon i nærleiken deira er enno ikkje ferdigbehandla.**

Kommunen har no sendt Telenor sitt svar til dei som protesterte og opplyst at saka kjem opp i forvaltningskomiteen i septembermøtet.

Kommunen viser til at Telenor føl gjeldande retningsliner frå Statens Strålevern og WHO når det gjeld spørsmål om elektromagnetiske felt eller grenseverdier for stråling.

Telenor har tidlegare uttala at den føreslegne plassering av basestasjonen ivaretar gjeldande retningsliner med omsyn til grenseverdier for stråling med god margin.

Det er også vist til at betra dekning (signalstyrke) vil føre til at handsett i området reduserer eigen utstråling.

Telenor har lansert to alternativ for plassering/utforming av stolpe/antenne. Dei kan flytta stolpen bort frå toppen og ned ved sida av hytta som skal setjast opp ved sida av bergknatten, men då må stolpen bli frå to til fire meter høgre - det vil seia eventuelt aukast frå 10 til 14 meter.

Det andre alternativet er å sette opp ein lågare stolpe på toppen - ei gittermast som er mindre synleg i horisonten enn ein stolpe.

Oppsittarane undrar seg over kvifor det er nødvendig med ein ny stasjon i eit område der dei opplever rimeleg god mobildekning og også kvifor stasjonen må setjast opp midt i eit boligfelt.

Telenor argumenterer med at hvis det blir avslag, vil dei måtte byggja fleire stasjonar i området for å oppnå tilsvarende dekning. Det er problematisk å finna andre alternativ, eventuelt må det byggjast fleire små stasjonar - også inne i boligfelt, lyder svaret.

Telenor meiner med andre ord at alternative løysingar er uheldige fordi det fører til større belastningar enn den omsøkte plasseringa.

Av Ola Matti Mathisen